

# PRAKTISKE ORDNINGAR I SPRÅKDELINGSKLASSAR

Organisering av tilbodet:

1. Brev/info som skal sendast til 7.klassane på Sviland skal sendast på nynorsk.
2. Tilbakemeldingar / kommentarar på prøver skal i størst mogleg grad skrivast på nynorsk i faga norsk, matematikk, samfunnsfag, naturfag og RLE.  
Ein treng ikkje å gjera dette i koh, moh, kroppsøving, engelsk og i framandspråk.
3. Alle elevane får lærebøker på eiga målform
4. Alle klassane skal allereie frå 8.trinn ha ein time fast med nynorsk i veka i norsktimane.
5. Norsklærarane har eit særskilt ansvar i forhold til å legge til rette for elevar med nynorsk som hovudmål i forhold til oppgåveark og det å skriva nynorsk på tavla.
6. Elevane som har nynorsk som hovudmål blir tatt ut 38 timar i løpet av året for å jobba særskilt med nynorsk skriftkultur.
7. Elevane får som hovudregel prøva på eiga målform. Det kan gjerast unnatak for prøver på It`s learning.
8. Arbeidsplan: Norsklærer skriv norskleksene på nynorsk kvar veke i klassar kor det er elevar som har nynorsk som hovudmål.

Både elevar med nynorsk som hovudmål og elevar med bokmål som hovudmål treng å øva på å lesa sidemål. Difor bør begge grupper også kunne lesa tekstar både på hovudmål og sidemål. Difor bør ein nokre gonger gi alle elevane oppgåveark og liknande også på nynorsk,